

«Olav og
Kari»

Bakgrunnen for visa



☞ Folkevisa om Olav og Kari har røtter attende til mellomalderen. Ho byggjer truleg på ei gammal fransk segn frå folkevan-dringstida.

☞ Segna handlar om den frankiske prinsessa Klotilde, som i 526 e.Kr. blir gift med vestgotarkongen Amalarik. Ho er katolikk, mens Amalarik er arianar. Arianarane er kristne, men dei trur ikkje at Jesus er gud-dommeleg. Det gjer derimot katolikkane.

☞ Amalarik mishandlar Klotilde for trua hennar. Til sist sender ho ein blodflekket serk til bror sin, Childebert, som eit teikn på at ho vil hemne seg. Broren kjempar mot Amalarik og vinn. Så tek han med seg Klotilde, men ho døyr på veg tilbake til frankarriket.

☞ Denne forteljinga var svært populær i Frankrike i mellomalderen, og ho spreidde seg til fleire land, mellom dei Noreg. Men som alltid når litteratur blir overført munnleg, endrar innhaldet seg over tid. På 1200- og 1300-talet var det knapt nokon som hugsa arianismen lenger, og den norske visa handlar no om motsetninga mellom kristen tru og heidenskap. I tillegg har balladen vorte ei forteljing om kjærleik og sjalusi.

Handlinga

i

☞ Olav gjestar mor si for første gong på åtte år. Mora spør sonen korleis han liker kona si, og Olav fortel at han er svært lykkeleg med Kari. Da skuldar mora Kari for å vere trollkvinne og ha omgang med alvane (dei underjordiske).

☞ Olav avviser dette som løgn, men mora minner han om at ein son må tru mor si. Slik utnyttar ho respekten Olav pliktar å ha for henne som forelder.

☞ Olav reiser tilbake til Kari og legg fram skuldingane. Kari nektar for å vere trollkvinne, men no trur ikkje Olav på henne. Han er sint og mishandlar Kari. Til slutt angrar han på det han har gjort, men det er for seint. Kari seier til Olav at han skal sende den blodige serken hennar til mor hennar slik at mora kan vaske den rein. Deretter døyrr ho.



☞ Siste del av visa fortel korleis Kari kjem til himmelriket og blir teken imot av jomfru Maria. Maria byr Kari ein stol, ei handling som tyder på at Kari har fått martyrstatus. Det endar med at Kari går i forbønn for Olav og mor hans. Jomfru Maria svarar at Olav får komme til himmelriket, men ikkje mora.

Konfliktane

Kristendom mot heidenskap

I denne balladen blir kristendom sett opp mot heidenskap. Mellomalderen er ei brytningstid for kristendommen i Noreg, og det er viktig å ta avstand frå alt som minner om heidenskap. Dette forklarar den sterke reaksjonen til Olav på det mora seier om Kari. Samstundes viser reaksjonen hans at han faktisk ser på dei underjordiske og på trolldom som ein realitet.

Kjærleik, sjalusi og maktkamp

Det blir berre ymta om personkonflikten i visa. Likevel er det denne konflikten som driv handlinga framover. Kvifor har ikkje Olav besøkt mor si på åtte år? Kvifor kjem han åleine på besøk til henne? Og kvifor lyg mor til Olav og skuldar Kari for å vere trollkvinne? Visa fortel ikkje noko om mo-



tiva til personane, men det er godt mogleg at mora er fornærma og sjalu, og forholdet til svigerdottera er neppe særleg godt.

Kristne og heidenske førestellingar i visa

Vonde makter

Vi finn kristne og heidenske førestellingar side om side i «Olav og Kari». I folketrua representerer for eksempel alvane farlege makter som trugar menneska. I mellomalderen er vonde ånder, trollmenn og trollkvinner slett ikkje berre fantasi-skapningar for menneska.

Blodhemn og tilgiving

Mens ættesamfunnet krev at urett skal hemnast, krev den kristne trua at ein skal tilgi fiendane sine. I «Olav og Kari» finn vi ei blanding av den gamle og den nye tenkjemåten.

Rett før Kari døyr, ber ho Olav sende den blodige serken hennar til mor hennar. I førkristen tid var dette eit teikn på at ein

kravde blodhemn. Men når Kari kjem til himmelriket, ber ho jomfru Maria om tilgiving for både Olav og mor hans. Her står ho for ein tenkjemåte som er i tråd med den kristne trua.



Jomfru Maria

Det er jomfru Maria som tek imot Kari i himmelen. Det tyder på at visa fann forma si før reformasjonen, for det er i den katolske kyrkja at Jesu mor blir dyrka som himmeldronning.

Balladesjangeren

☞ Det finst mange slags folkeviser, for eksempel arbeidssongar, voggeviser, skilingsviser, skjemteviser, balladar og stev. «Olav og Kari» høyrer til dei folkevisene som vi kallar balladar.

☞ Balladen var ein sjanger som frå 1200-talet og utover vart populær i heile Europa, også i Noreg. Vi reknar med at balladen opphavleg kjem frå Sør-Frankrike. Der kalla dei han «ballada», som tyder å danse, og mange av dei europeiske balladane er danseviser. Vi veit ikkje sikkert om også dei norske balladane vart dansa til.

☞ Eit viktig kjennemerke ved balladen er at han fortel ei historie. Vi kallar derfor balladen ein episk-lyrisk sjanger. Innhaldet er episk (forteljande), mens forma er lyrisk. Her finst enderim og rytme,

og ei oppdeling i strofer som gjer at visa kan syngjast til ein fast melodi. Balladen har dessutan oftast eit omkved (refreng). Sjølve historia som balladen fortel, har til vanleg ein tragisk utgang.

☞ Heilt fram til 1800-talet vart balladane overførte munnleg i Noreg. Det er derfor vanskeleg å slå fast kor gamle dei balladane som er bevarte, verkeleg er. I første halvdel





av 1800-talet samla Olea Crøger og Magnus Brostrup Landstad inn norske folkeviser og skreiv dei ned. Alt den gong var mange viser i ferd med å bli gløymde, så innsamlingsarbeidet skjedde i siste liten. I 1853 gav Landstad ut samlinga *Norske Folkeviser*.

Ulike balladetypar

På same måten som vi deler inn eventyr og segner i ulike grupper, skil vi også mellom ulike typar balladar:



☞ **Riddarvisene** er den største gruppa.

  Her er det kvinnene som spelar hovudrolla, og kjærleik og sjalusi står sentralt. Men vi kan òg finne overnaturlige innslag i desse visene.

Den mest kjende riddarvisa er «Bendik og Årolilja».


☞ **Legendeviser** eller **religiøse viser** er forteljingar der kristen tru og tankegang kjem fram. Det kan òg vere forteljingar om helgenar, som vart rekna som førebilete for vanlege folk. Konfliktane i legendevisene finn ei løysing som er i tråd med kristne krav og verdiar. «Olav og Kari» og «Draumkvedet» høyrer til denne gruppa.

☞ **Naturmytiske folkeviser** fortel om  bergtaking og om folk som blir omskapte til bjørn, ulv og andre farlege dyr. Visene kan òg handle om korleis mennesket slåst mot slike lumske krefter, og korleis ein kan bli løyst frå trolldommen. «Villemann og Magnill» og «Olav Liljekrans» er naturmytiske folkeviser.

☞ **Kjempe- og trollviser** har mykje til felles med dei naturmytiske visene. Dei handlar oftast om menn i kamp mot kvarandre, eller i kamp med troll og risar. «Torekall» er eit døme på ei trollvise, mens «Roland og Magnus kongjen» er ei kjempevise.

☞ **Historiske folkeviser** er det ikkje så mange av. Desse visene gjer krav på å vere sanne, og det er personane meir enn den historiske ramma som er interessant. «Kong Håkons død» er ei slik historisk folkevise.

☞ **Dyre- og skjemteviser** er eventyr i strofeform. Dei gjer narr av balladesjangeren og er reine parodiar. «Tor Brynjulv og fluga» og «Reven og bonden» er eksempel på slike viser.



Ei av dei første barnebøkene i Noreg (1888) inneheldt fleire dyre- og skjemteviser.

Balladeforma

To- eller firelinja strofeform

Balladane har tolinja eller firelinja strofer og omkved (refreng). Den firelinja strofa har berre eitt refræng, som er ettersett. Her er eit eksempel frå visa «Bendik og Årolilja»:

Bendik ri åt Sølondo,
ville han skða møy;
Han var 'kje lagje til att'e koma,
difyr so laut han døy.
– Årolilja, kvi søv'e du so lengje?

Når strofa er tolinja, er det vanleg med to omkved, eitt etter kvar linje. Det første omkvedet kallar vi da mellomsleng og det andre ettersleng. Eit eksempel på denne typen omkved finn vi i folkevisa «Olav og Kari»:

Olav sat heime i åtte år,
– *Trø meg inkje for nære* –
fyrr han ville si mo'eri sjå.
– *På vollen dansar mi jomfru.*

Omkvedet

Omkvedet kan ha ulike funksjonar. Det kan for eksempel formidle ei stemning, eller det kan binde saman handlinga. I mange viser finn vi også omkved som nemner dans og dansing. Omkveda i «Olav og Kari» er eksempel på denne siste typen.

Rim

Balladane har enderim (*møy – døy*). Det er tilstrekkeleg med vokalsamklang (assonans), konsonantane kan vere ulike (*år – sjå, renn – heng*). I dei firelinja strofene er det berre linjene 2 og 4 som rimar, linjene 1 og 3 er utan rim.

Dialogar

Dialogar er vanlege i balladane. I «Olav og Kari» finn vi samtalar både mellom Olav og mora og mellom Olav og Kari. Som i eventyra er det alltid berre to personar som snakkar saman (totalslova). Dialogane kastar lys over konfliktane og aukar spenninga.

Parallellstrofer

Eit anna særtrekk ved balladane er parallellstrofer, det vil seie gjentakingar med ein aldri så liten variasjon. Når mora spør Olav korleis han liker kona si, svarar han:

*«Sosso likar eg gifta mi,
som eg drikk'e bå' mjø' og vin.
Sosso likar eg gifta god,
som kvør den dagjen å drikke jol.»*

Parallellstrofer gjer det mellom anna lettare for tilhøyrarane å få med seg handlinga.

Faste vendingar

Balladetekstane inneheld mange faste poetiske vendingar som vi lett kan kjenne att. Slike vendingar gjer det òg lettare å hugse teksten. For eksempel finn vi faste skildrande adjektiv: *det raude gull, Stolt Margjit.*

Stev

Eit stev er eit einstrofa dikt som blir sunge. Stev kan formidle livsvisdom eller ei stemning. Dei kan òg skildre menneske, dyr eller natur. Eller dei kan vere humoristiske og litt på kanten.

Gammalstev og nystev

Det finst to slags stevstrofer. Begge har fire verselinjer, men rimmønsteret er

i ulikt. Gammalstevet er bygd opp slik at linjene 2 og 4 rimar, mens linjene 1 og 3 ikkje har rim:

Hanen stend på stabburshella
bonden gjeve honnom *konn*.
Rakkin skvakkar i berg o' nord
og hjuringen blæs i *honn*.

i Nystevet omfattar to parrim:

Å vil du hava meg til *kveda*?
Det skal eg gjere med største *gleda*.
Og eg skal kveda så vent fyr *deg*
At du skal gløyma deg sjølv og *meg*.

Ein munnleg tradisjon

Å lage og improvisere stev har vore ein levande tradisjon i somme landsdelar heilt fram til vår tid. Særleg i Vest-Telemark og i Setesdal er dette ein tradisjon som framleis lever. Stevet blir nytta i ulike sosiale samanhengar. Når folk kjem saman til vennelag eller til ei veitsle (eit gjestebod), er det vanleg å kvede eller å stevjast. (Det heiter å *kvede* eit stev, men å *stevjast* når det er fleire som kved til kvarandre.)

Ulik form – ulikt innhald

Hos setesdølane er det ei oppfatning at gamlesteva er alvorsame og meir lyriske i forma. Nysteva er derimot friskare både i innhald og form og kan vere meir direkte i uttrykksmåten. Her er det meir rom for å improvisere.



*Loft i Setesdal
fotografert av Axel
Lindahl kring 1890*



